

VEDTEKTER FOR SOLHEIM GREINDAHUS SA

29.09. 2019

Samvirkeføretaket heiter Solheim Greindahus SA, og er heimehøyrande i Masfjorden kommune.

- Samvirkeføretaket har som føremål å driva greindahuset som ein samlingsstad for folket i greinda. Huset skal gje rom for møte, festar, kinoframsyrningar og andre tilstellingar.
- Greindahuset eigast av einskildpersonar, lag og organisasjonar i greidene Eikemofoss, Kallhovda, Furebotn og Solheim. Kvar andel er på kr. 100 i A-gruppa (lag, organisasjonar) og kr. 50 i B-gruppa (einskildpersonar).
- Ein andel kan ikkje seljast eller overførast til andre lag eller organisasjonar. Dersom eit lag vert avslutta/lagt ned, forsvinn desse andelane. Einskildpersonar kan overføra sine andelar. Dette må godkjennast av årsmøtet. Andelseigarane/medlemene i føretaket har ikkje rett til å få utbetalt andelsinnskota.
- Alle midlar som vert tent på utleige av huset eller på andre tilstellingar, som vert gjevne i gåve, og ellers alle midlar gjort tilgjengeleg for Solheim Greindahus SA, skal brukast til drift og vedlikehald, oppgradering og ivaretaking av huset og uteområde.
- Vedtak om oppløysing av samvirkeføretaket kan berre gjerast av årsmøtet med fleirtal som for vedtektsendring. Ved ei eventuell oppløysing av samvirkeføretaket, og sal av huset, skal nettoformuen fordelast på eigarane/medlemene. Dei resterande midlane skal gå til dei som er medlemar på oppløysingstidspunktet. Fordelinga av midlane skal i tilfelle skje på grunnlag av deira omsetning med føretaket dei siste fem åra.
- Endring i vedtektene kan berre gjerast av årsmøtet med fleirtal iflg. Samvirkelova.

Det skal haldast årsmøte innan 15.03 kvart år. Der skal fylgjande saker handsamast:

1. Årsmelding
 2. Årsrekneskap og budsjett
 3. Val av styremedlemer, styreleiar og kasserar
 4. Val av revisor
- Det skal ikkje betalast medlemskontingent.
 - Styret skal bestå av 5 styremedlemer: ein styreleiar, ein nestleiar, ein kasserar, ein skrivar og eit vanleg medlem.
 - Styret er ansvarleg for den daglege drifta av huset, og ein skal ikkje ha tilsett dagleg leiar.